

Referat

STYREMØTE NR. 7 i ØIL – 11.11.2013

Møte		Referat	
Dato	11.11.2013 kl. 19:00	Deltakarar	Vidar Torsvik / leiar Kjerstin Valland / nestleiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik / skrivar Sonja Fagerheim/ styrelem Toril Honningsvåg Vik / styrelem Hallgeir Botnen / fotballgruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Åshild Bekkesletten/ 1. vara Mariann Lilledal Valland / styrelem Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa Leiv Sandven / trimgruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering Terje Melstveit / fotballgruppa
Neste møte	måndag 16.12.2013 kl 19:00		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
7.1	Saker		
.1	<u>Godkjenning av referat frå sist styremøte</u> Styremøte nr. 6 14.10.2013 Referat vert godkjent følgjande endring / retting: Under pkt. 6.2.4 går følgjande setning ut (sitat): ”Frå hovudstyret deltek Sonja Fagerheim”.	info OK	Rune V.
.2	<u>Kven er idrettskontakt i Kvam herad ?</u> Øystese idrettslag ynskjer avklart kven som er kontaktperson for idrettslaget i kommunen. Gjeld både i forhold til administrative spørsmål som tilgang til idrettsanlegg/hallar, støtte ordningar, m.v., og i forhold til idrettsfaglege og idrettsorganisasjoniske råd. Vedtak: Styreleiar sender førespurnad til Kvam herad.		Vidar T./ Leiv
.3	<u>Myrabakken – neste steg</u> 1) Dugnad laurdag 02.11.2012 kl. 10 – 12 <ul style="list-style-type: none"> • 10 personar deltok på ryddedugnad – kjempegod innsats. • Dei 3 minste bakkane vart rydda. • Varselskilt/forbodsskilt mot ferdsel i overrenn stor bakke, vart sett opp. 2) Rydding av 70 meters-bakken , vert utsett til våren.	OK våren- 2014	styret

<p>.4</p>	<p><u>Leigeavtale Holmatun</u></p> <p>ØIL ynskjer leige del av kjellar i Holmatun, mellom anna til fotball-fritidsordning, til møterom og til lagring av utstyr. Forslag til leigeavtale vart lagt fram på møte. Leige kr 50 000 i året.</p> <p>Vedtak: Styreleiar vert gitt fullmakt til å signere avtale.</p>		<p>styret</p> <p>Vidar T.</p>
<p>.5</p>	<p><u>Nye vedtekter i Øystese idrettslag –pålegg om retting</u></p> <p>Ny tilbakemelding frå Hordaland idrettskrets v/ Heidi Hatlem. Krav om retting av punkt som omhandlar revisor.</p> <p>Vedtak: § 15 pkt. 10 d) skal lyde: "Velje 2 revisorar frå eigen medlemsmasse"</p> <p>Revidert lov for ØIL vert å sende idrettskretsen for godkjenning.</p>		<p>styret</p> <p>Rune V.</p>
<p>.6</p>	<p><u>Styresamansetning 2014 – aktuelle kandidatar</u></p> <p>Både leiar, kasserar, skrivar og eit styremedlem er på val.</p> <p>Diskusjon utsett til neste styremøte.</p>	<p>16/12</p>	
<p>.7</p>	<p><u>Status medlemslister 2013 – grunnlag for idrettsregistrering</u></p> <p>Rune sender siste oppdaterte excellark til Trude.</p> <p>Statusgjennomgang neste møte.</p>	<p>16/12</p>	<p>Rune V.</p> <p>Trude</p>
<p>.8</p>	<p><u>Nissemarsjen 2013 i regi av Norges friidrettsforbund</u></p> <p>Kanskje til neste år ?</p>	<p>info</p>	
<p>.9</p>	<p><u>Sportsutstyr - bytedag</u></p> <p>Øystein Sundsøy spør om idrettslaget kan arrangere bytedag.</p> <p>Vedtak: ØIL held lokale pluss sponsar annonse i HF, om medlemer i ØIL ynskjer arrangere bytedag.</p> <p>Skrivar gjev tilbakemelding til Øystein Sundsøy.</p>	<p>info</p>	<p>Rune V.</p>
<p>7.2</p>	<p>Fotballgruppa</p>		
<p>.1</p>	<p><u>Evaluering av fotballsesongen 2013</u></p> <p>Fredag den 1. november vart det gjennomført eit evalueringsmøte av fotballsesongen 2013</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stor aktivitet med mange lag, jenter og gutar. - Gode prestasjonar av mange lag. 	<p>info</p>	
<p>.2</p>	<p><u>Trenarkabal 2014 – sesongen</u></p> <p>Stor utfordringar knytt til å skaffe kvalifiserte trenarar i ungdoms-fotballen.</p>	<p>info</p>	

.3	<u>Telenor Xtra – fotballFFO</u> Styret i fotballgruppa jobbar kontinuerleg med systemaspektet / internkontrollrutinane for FFO-en.	info	fotballstyret
.4	<u>Kunstgras på grusbane ved Øystese barneskule</u> Fotballstyret jobbar med finansiering. Planen er å få lagt kunstgrasdekke til våren.	info	fotballstyret
7.3	Friidrett/trimgruppa		
7.4	HC-gruppa		
7.5	Symjegruppa		
7.6	Hoppgruppa		
.1	<u>Etablering av liten hoppbakke på Sjusete</u> Skal det verte oppsving i rekrutteringa innan skihopping, må det truleg etablerast ein liten hoppbakke som del av Sjusete skisenter. ØIL vil prøve å etablere ei gruppe som kan starte arbeidet. Realiseringa må skje i samarbeid med Sjusete skisenter.		styret
7.7	Orientering		
7.8	Økonomi		
.1	<u>Status</u> Rekneskapet for hovudlaget vil gå i minus i 2013 grunna avviking av Hardanger Talentutvikling AS, inkl. avskrivning av opparbeidd underskot i føretaket.	info	Styret
.2	<u>Halsar / ”headover” m/ ØIL-logo og fargar</u> Brukast til premiar, m.v. Vedtak: 1000 stk kan bestillast. Sonja sjekkar litt rundt kvalitetar og leverandør.		Sonja
7.9	Eventuelt		
.1	<u>Lagring av ØIL-dokument</u> Sonja ser på serverløysingar som ”Drop-box” m.v. Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging		Sonja
4.1.9	<u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u> Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		styret